



Vassendgutane skuffa ikkje på Dønhaug, men dei har eit beinhardt turneprogram. Laurdag kveld er dei i Øystese. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Låvedans-sesongen fekk ein knallstart på Dønhaug Gjestegard fredag. Dei 600 som kom (utseld på to dagar) hadde ein stor festkveld saman med Vassendgutane frå Sunnmøre. Dei sju i bandet viste verkeleg kvifor dei har ein så sterk og veksande posisjon blant glade dansarar landet rundt. Og ordensproblem eksisterte ikkje under festen – det var god styring og kontroll heile tida.

Men så hadde då også Magne Huglen ein stab på rundt 50 i aksjon. Ein av utfordringane var inngangskontrollen, ikkje minst fordi det gjekk rykte om falske billetter.

- Men dei var lette å avsløra og vi stoppa fem eller seks som prøvde seg på den måten, fortalde Kjell Yri til uskedalen.no då det heile var over. Han og andre frå Humlepungen Bryggjarlag hadde ansvaret ved denne kontrollposten og løyste oppgåva framifrå.



Reine hatteparaden (Foto: Ola Matti Mathisen)

På låven var det eit myldrande liv frå første til siste tone og sjølv om det var litt hustrig ute, var det godt og varmt inne. Eit effektivt varmluftanlegg var på plass og med ein så god oppvarming nærmar Huglen seg heilårsdrift på låven!

Men ei anna sak sette fleire søkelyset på: Det burde vera ei form for enkel matsservering på Dønhaug. Verten seier at han ikkje rår over det og sender ballen vidare til den eller dei som måtte vera interessert: Her må det vera gode pengar å tena, til dømes for lag og foreningar.



Reine hatteparaden. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Så til "gutane": Bandet vart grunnlagd for 11 år sidan og så har det berre balla på seg: Sjølv seier dei at dei er ein eigen genre og nyttar "fest-country" som ein slags vignett over eit høgst folkeleg repertoar. Tre av gutane (Sindre Aam - vokal og bass, Arthur Johan Bjørdal – vokal og gitar og Rune Ståle Brautaset – vokal og gitar) er låtskrivarar og dei hentar dei fleste tema frå kvardagen i norske bygder.

Vassendgutane har ikkje minst gjort seg gjeldande på dei store countryfestivalane, til dømes Skjåk og Vinstra og dei har tre cd-utgjevingar og ein singel bak seg så langt. "Ungkar med dobbeltseng" som kom i 2005, har seld til gull!

Det kan høyrast ut som klisjear, men dette er sant: Vassendgutane har gode tekstar, fengande melodiar, forrykande framføring og utstrålar ekte speglede. Her skal det ikkje mange tonane til før rykkinga i dansefoten startar!

19. mai er neste låvedans og så går det slag i slag. Ikkje minst blir det spanande når "Dance with a stranger" skal ha utekonsert 9. juni. Det er eit nytt konsept på Dønhaug og det ryktes at Huglen då må få opp ei ny kraftline.....

Av Ola Matti Mathisen



Humlepungen Bryggjarlag var samvetsfulle kontrollørar ved inngangen. (Foto: Ola Matti Mathisen)